



## Notat

Dato: 13.09.2018  
Arkivsak: 2015/11453-149  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Styret for Fagskolen i Hordaland

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Utviklingsmidlar til Fagskolen i Hordaland for 2018

Kunnskapsdepartementet har tildelt Fagskolen i Hordaland kr 3 122 000,- i utviklingsmidlar til to prosjekt over statsbudsjettet for 2018 kap. 240 post 61. Fagskolen søkte om midlar til tre prosjekt, og fekk tilskot til dei to prosjekta som skulen prioriterte høgast. Prosjekta det er gjeve tilskot til er:

- 3 mill. til «Fase 2: Kvalitet i utdanning ved hjelp av digitalisering»
- 122 000 til «Kompetanse innan Building Information Modeling (BIM)»

Begge prosjekta omhandlar kompetanseheving, og det er ikkje lagt opp til større investeringar innanfor desse prosjekta.

Rekneskap og rapport for bruk av midlar skal sendast Direktorat for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgere utdanning (DIKU), eventuelt ny forvaltar frå 2019, innan 15. mars 2019. Tilskotsmottakar skal også sende revisorattestert årsrekneskap. Prosjekt som varer i meir enn eitt år må levere ei mellombels rapportering for bruk av midlane med frist 15. mars 2019. Endeleg rapport sendast DIKU, eventuelt ny forvaltar frå 2019, innan 15. mars 2020. Kunnskapsdepartementet kan føre tilsyn med at tilskotet er nytta i høve til reglane for offentlig tilskot i fagskulelova.

Prosjektet «Samlingsbaserte maritime nettstudia, dekksoffiser og maskinoffiser» har ikkje fått støtte i 2018.